



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Vår dato: 18.12.2025
Vår ref.: 202320075-6 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2023/6101-37

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av framlegg til endring av detaljregulering for Skaret i Hustadvika kommune

Vi viser til brev datert 18.11.20205. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til endring av detaljregulering for Skaret i Hustadvika kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av barnehage og 12 nye fritidsbustader.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

NVE ga generelt innspel til planarbeidet i brev datert 22.01.2024.

Flaum og erosjon

Planområdet omfattar delar av Skarvatnet, og delar av områda langs vatnet ligg i aktsemdområde for flaum, jf. [NVE Atlas](#). I planomtalen er det gjort greie for kva vurderingar som er gjort med omsyn til flaumfare, og at det i framlegg til plankart er regulert byggegrense mot vatnet for eksisterande utbyggingsområde (fritidsbustader FBF4-5 og Fritids- og turistformål FTU). Det står vidare at aktsemdområdet som er lagt til grunn er det same kartgrunnlaget som er lagt til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Vi gjer merksam på at NVE sitt aktsemdkart for flaum vart oppdatert i mars 2025. Så langt vi kan sjå samsvarar ikkje nytt aktsemdområde med framlegg til byggegrense i plankartet. Plandokumenta bør oppdaterast med siste versjon av aktsemdkartet, og ROS-



analyse/planomtale bør oppdaterast med vurderingar for kva konsekvensar nytt aktsemdkart kan få for planframlegget.

De kan legge til grunn bruk av byggegrense som tiltak for å sikre at det ikkje blir opna for ny utbygging i aktsemdområdet. De kan også legge informasjon som maksimal vasstandsstigning som er oppgitt på aktsemdkartet for flaum til grunn for fastsetting av byggegrense. Alternativt kan anna lokal og dokumentert kunnskap om vasstand leggast til grunn. For meir informasjon viser vi til NVE rettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#) som gir råd for vurdering av flaumfare. I vedlegga til rettleiaren er det vist eksempel på enkle og konservative vurderingar.

NVE rår til at plandokumenta blir oppdatert med utfyllande vurderingar og dokumentasjon på tryggleik mot flaum før slutthandsaming av planen.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutredningar](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredningar - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør



Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

HUSTADVIKA KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune